

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.02.2018

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag :

«Føye til ordet «statlege» i punkt 4, siste setning (endringa er markert med understrekning):

Det er knytt vesentlege kostnader til investering og drift av kollektivsystemet for å handtere framtidig vekst i passasjertal. Fylkesutvalet vil framheve at det vil vere særskilt behov for auka statlege rammer til drift og vedlikehald i framtida.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen sitt punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen sitt punkt 4 fekk ingen røyster og fall.

Håland sitt forslag punkt 4 fekk 8 røyster (A, KrF, Sp, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek byutgreiinga for Bergen til orientering.
2. Fylkesutvalet merkar seg at utgreiinga viser at nullvekstmålet er oppnåeleg, mens ambisjonane til Bergen kommune om 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020 og 20 % reduksjon innan 2030 er innafor rekkjevidde.
3. Fylkesutvalet vil framheve at bygging av ny infrastruktur aleine ikkje er nok for å nå nullvekstmålet, men at det må bli kombinert med restriktive tiltak. Fylkesutvalet vil likevel understreke at kompakt arealbruk og satsing på infrastruktur for kollektiv, sykkel og gange er naudsynt for å oppretthalde mobiliteten i befolkninga.
4. Det er knytt vesentlege kostnader til investering og drift av kollektivsystemet for å handtere framtidig vekst i passasjertal. Fylkesutvalet vil framheve at det vil vere særskilt behov for auka statlege rammer til drift og vedlikehald i framtida.